



Bilete syner naustbygg på Stølavikjo. Dei to siste tvillingsnausta t.v. erstattar gamle naust. Nausta er estetisk vakkert utforma og pyntar opp strandsona.

Lokal strandsoneforvaltning har vore tema i mange år. Dagens planretningslinjer for bygging i 100 metersbeltet går tilbake til 2011. No legg Regjeringa opp til ei meir differensiert forvaltning med større handlefridom, særleg i kommunar som ikkje vert definerte som pressområde. Bygg- og plansak i strandsona i Uskedalen er og ha vore tema mange gonger, mellom anna på Rød, Kleivadalen, Beinavikjo, Stølavikjo, Eikelandet og på Holmen.

Reviderte retningslinjer deler kysten i tre soner. Kvinnherad høyrer til sone 3, distriktsområde med lågare utbyggingspress. Høyringsrunden er over. Strandsoneverdiane natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interessere veg framleis tungt i vurderinga om utbygging i høve til vern. Det er likevel opna opp for meir fleksibel bruk av strandsona, både i høve til næring, naust og fritidshus.



Søknad om bygging av naust i denne stranda (t.h. i bilete), fekk førebels avslag. Nye retningslinjer kan forenkla søknadsprosessen. Dette medfører at kommunen meir enn til no kan vurdera bruk av standsona ut frå lokale næringsinteressar og grunneigarane sine behov. Lokale retningslinjer og praksis må koma inn i overordna planprosessar og ikkje slik det er no, gjennom dispensasjonar og dermed ein lang og uthalande saksgang.

Det er ikkje sagt noko om kva tid det føreligg nye retningslinjer for bruk av strandsona i hundremetersbeltet.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal